

# Indremisjonsforbundet sin skolestrategi

---

**Generalsekretær Karl Johan Hallaråker med tilslutning frå Forbundsstyret 13,09.03.**

ImF sin skolestrategi har fleire aspekt. Det er viktig å få med seg heilskapen så ein ikkje fortaper seg i detaljer eller brukar deler som fordommar og briller. Då mister ein lett oversynet.

## 1. Foreldra sitt mandat.

ImF har Bibelen som rettesnor for sitt arbeid. Her er foreldremandatet klart understreka når det gjeld barna sine oppvekstvilkår. Les SMos.6:4ff Salme 78:3-7. Ef.6,4. Dette primære pedagogiske mandatet er det også klar dekning for både i norsk skulelovgjeving og internasjonale konvensjonar. (Lov om Grunnskolen §1, FNs erklæring om menneskerettar, art. 26. FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, art. 13,3. UNESCO-konvensjonen, art. 5b.) Born har krav på oppseding! **(Sjå ImF sitt skolehefte.)**

Det er viktig å ha respekt for dette mandatet, og halda det fram i det offentlege rom både i det åndelege og verdslege regimentet. I forlenginga av foreldremandatet er det også viktig å ha fokus på læraren som foreldra sin "forlenga arm." Det tyder m.a. fokus på kallet til å verta lærar, lærarutdanninga, og tilrettelegging av lærarane sine arbeidstilhøve. God, hjelp til og omsorg for lærarane er ein konsekvens av foreldremandatet!

## 2. Den offentlege skolen

Det er heilt nødvendig at vi har tydeleg og sterkt fokus på den offentlege skolen. Her går dei fleste elevane..Her er dei fleste foreldre engasjerte. Den offentlege skolen er avgjerande for born og unge sine oppvekstvilkår. Her er fleire utfordringar som:

- Støtte og positivt tilhøve til skolen - lærarar og skoleetat.
- Fokus på borna sin situasjon og engasjement for den enkelte sin læringssituasjon.
- Engasjement i foreldresamheng både for å hjelpe kvarandre og syn a skolen omsorg.
- Fokus på skolen sin profil, drøfting og vakthald om kring aktuelle verdispørsmål.
- Hjelp til foreldre om samarbeid foreldre-lærarar-skoleleiing når vanskelege spørsmål dukkar opp.
- Tilbod frå bedehuset om kontakt med skolen for å fremja viktig verdiformidling og lokal historisk innsikt. Her finst mykje godt stoff!

## 3. Frie skolar

Retten til frie skolar er forankra i internasjonale konvensjonar. Sjå pkt. 1. Likevel er det heilt nødvendig å kjempa denne kampen og halda han levande. Det er viktig at kampen for den frie skolen vert ført med saklege våpen. Denne retten står på egne bein, og har ikkje trong for å tala negativt om den offentlege skolen som hovudsak! Retten til å driva frie skolar er nemleg eit av dei sentrale barometra på åndsfridom og toleranse. Skolemonopol er inngangsdøra til den totalitære stat! Med det følgjer også at i den prinsipielle kampen for frie skolar må vi verna retten uavhengig av om vi "llkar" dei som brukar retten! Her gjeld likskap mellom religion og livssyn!

I friskolekampen er det viktig å halda fram klar prinsipiell argumentasjon og folkeopplysning om korleis stoda er. Mellom anna må det offentleg avslørast løgnpropagandaen om at frie

skolar stel økonomi frå den offentlege skolen og at skolane har så gode økonomiske kår. Saka er at dei fleste frie skoleslaga får ingen offentlig støtte til bygningar og skoleanlegg! Alt er bygt for innsamla misjonspengar. Styresmaktene trur visst at vi kan driva skole under open himmel heile året! Eit anna aktuelt felt er frie skolar sine prinsipielle og ideologiske rettar. Mange har vanskeleg for å skilja mellom del faglege krav som styresmaktene med rette skal passa på, og den respekten ein skal ha for å verna skolen/skoleeigar sin rett til å ha sin eigen ideologi og integritet. Det syner seg særleg på område som styringsrett, tilsettjingsrett og fagplanar! Det er farleg om ein blandar korta her. Korkje sosialisme eller marknadsliberalisme med kobling av rett og plikt med lovkrav og økonomiske sanksjonar må styra den frie skolen!

Om ein skal starta ein konkret skole, må vurderast på allsidige premisser. Det er bibelsk rett å føreta analyse om kva som er rett i kvart tilfelle. Samtidig som vi gjev til kjenne at vi oftast vil tilrå etablering der det er engasjement for, skal vi ha respekt for og vurdere nøye det som i konkrete situasjonar vert tala mot oppstart av ein ny skole. Ingen må lettvtint skyva motførestillingar over på negativ side i åndskampen! Motførestillingar er viktige for å skjerpa grunngevinga og vurderinga om ein skal starta opp eit nytt skoleprosjekt. Indremisjonsforbundet vil gjerne vera rådgjevar bade med tanke på vurdering av skoleetablering, og vera til hjelp i prosjektfasen med å få fram søknad og skoleplanar.

#### 4. Våre egne skolar

Indremisjonsfolket har lang skolehistorie - folkehøgskolar, bibelskole, grunnskolar, vidaregåande skolar og høgskolesamarbeid (NLA). Det tyder engasjement for skolar og strategiske val. I ein desentralisert organisasjon har det ikkje alltid vore like enkelt å finna naturleg innfallsvinkel for samlande hjelp til skolane. Trur likevel vi er på godt spor. Eige skoleråd, årlege møte med skoleleiarar (og skoleeigarar), samt satsing på undervisningskonsulent og skoleteam er peikepinn på denne retninga. Grunngeving og strategi for skoledrifta er det viktig å drøfta i det opne rom. Her er nokre vesentlege moment for oss:

- Vi driv kristne frie skolar fordi vi ser det som viktig og godt barne- og ungdomsarbeid.
- Vi satsar på høg fagleg kvalitet. Elevane skal veksa kvar med sine føresetnader.
- Vi satsar på fokus på kristen etikk som godt grunnlag for liv i samfunn, yrke og misjon.
- Vi satsar på at elevane skal øvast opp til ekte systemkritikk og sjølvurdering. (Det er eit tankekors at særleg sosialistisk side vil tvinga frie skolar til å "verna det beståande" og å leggja livssynslada lover til grunn abortlov, partnerskapslov, likestillingslov, - medan ein skal vera samfunnskritiske når det er i pakt med deira misjon. Vi underviser om alt - som viktig allmennkunnskap for samtida, - .samtidig som vi gjerne øver opp våre born og unge til kritisk prøving av slike lover!)
- Vi satsar på respekt for den enkelte elev og foreldre der vi kan ha eit kvalitativt godt verdimøte. Vi satsar ikkje på einsretting, getto og hindring av å møta det flelrkulturelle
- Norge. Vi ønskjer å møta andre med respekt og hjelp til refleksjon og modning.

#### 5. ImF si rolle framover

Indremisjonsforbundet ønskjer å ha sterkt og tydeleg fokus på skolesektoren. Omfanget er avhengig av kva økonomiske midlar vi får til disposisjon. Vi vil utvikla oss vidare som ein god og tenande *felleskontakt* for skolar og skoleeigarar innan ImF familien med m.a. fg. :

- Fokus på skolane vi eig åleine eller saman med andre.
- Samarbeida med andre organisasjonar om skolane og skole spørsmål.
- Til disposisjon med rådgjeving til skolene for å utvikla dei vidare og utvikla kontakten med respektive skoleeigarar.
- Til disposisjon med rådgjeving med tanke på skolestart og skoledrift.

- Til disposisjon med besøksteneste og forkynning i skolane.

**Indremisjonsforbundet**  
*Med Guds Ord til folket*  
Steinsvikvegen 30, 5353 Straume  
Bankgiro 8220 02 80055  
**Takk for all hjelp og støtte**